



## Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Sakshandsamar:	Sektor samfunnsutvikling og kommunalteknikk	Hogne Haugsdal
	Arkivnr.: 17/3067	Klassering:

### Kommunal utbygging av vegkryss fv 402/Lurevegen på Seim

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Lindås kommune vedtar å bygge ut vegkryss mellom fv 402 og Lurevegen, i samsvar med gjeldande reguleringsplan for Seim skule
- Lindås kommune finansierer utbygging og grunnverv
- Midlane til å gjennomføre utbygging og grunnverv blir henta innafor ramma til infrastrukturfondet.

#### Saksopplysningar:

**Vedlegg** Link til alle saksdokument (sak 12/18) - Mindre endring av reguleringsplan Seim skule med utbetring av fv 402. Vedtatt i plan- og miljøutvalet 24.01.18:

[http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=journalpost\\_detaljer&journalpostid=2018000986&](http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=journalpost_detaljer&journalpostid=2018000986&)

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret


#### Bakgrunn

Denne saka gjeld krysset mellom fv 402 og Lurevegen (Sjå figur 1). Krysset blei regulert i reguleringsplan for Seim skule, vedtatt i september 2011. I reguleringsplanen er det regulert fortau langs fylkesvegen heilt frå bensinstasjonen ved NWP og opp til Strilatun. Det er lagt inn rekkjefølgjekrav i planen der fortau/busslomme langs skuletomta (mellom profil 680 og profil 1080) vert bygd ferdig i samband med utbygging av ny skule. Vidare utbygging av fortau/omlegging av leidningsnett vert søkt gjennomført i eit spleiselag mellom Hordaland fylkeskommune og kommunen.

I samband med utbygging av skulen i 2011 gav kommunen seg sjølv mellombels dispensasjon frå rekkjefølgjekrava, der det berre er bygd fortau på deler av strekninga. Resten av strekket fram til det aktuelle krysset (profil 1150) er ikkje bygd i samsvar med reguleringsplanen. Det vart også gjeve rammeløyve for etablering av fortau i oktober 2012. I april 2014 var det gjeve løyve til endring av dette rammeløyet. Endringa var ikkje i samsvar med reguleringsplanen, men førte til at fortauet

vart meir i tråd med gjeldande reguleringsplan. Då det var gjeve dispensasjonsvedtak i 2011, fann ein ikkje grunnlag for å krevje ny dispensasjon i samband med endringsøknaden.

(Figur 1)



### Utfordringar med nye tiltak

Det at området ikkje er bygd ut i samsvar med reguleringsplanen for Seim skule, har skapt utfordringar for andre tiltak i området. I samband med at det er godkjent 2 nye reguleringsplanar nord for kryss på profil 1150 (Reguleringsplanane Nilshøyen og Sjøvold), har vegvesenet sett krav om utbetring av krysset med trafiksikring for mjuke trafikantar - før dei vil godkjenne nye tiltak i dette området. Statens vegvesen har vist til at løysinga som er vist i opphavleg reguleringsplan for Seim skule ikkje er god nok og ynskjer ei betre utforming av det aktuelle krysset.

For å sikre ei trygg og betre utforming av det aktuelle krysset, blei det i 2017 avklart å gjennomføre ei planendring, ei mindre endring i reguleringsplanen for Seim skule. Endringa blei vedtatt i plan- og miljøutvalet 24. januar 2018. I planprosessen fremja Statens Vegvesen motsegn, dei hadde krav om at krysset må vere ferdig utbygd før det blir gjeve avkjøringsløyve og løyve til fleire tiltak. Det betyr at det ikkje blir gjeve løyve til tiltak for dei 3 reguleringsplanane som ligg nord for krysset - før krysset er ferdig utbygd. Dette var også eit tema på eit dialogmøte 15. januar mellom kommunen, Statens Vegvesen og Hordaland Fylkeskommune (Referat er vedlagt)

Situasjonen som har oppstått skapar store utfordringar for dei utbyggerane som vil bygge ut i dette området, særleg for reguleringsplanen for Sjøvold, der utbygger står klar til å setje i gang. Det blir ikkje gitt løyve til tiltak før krysset er bygd ut i samsvar med reguleringsplan. Og grunnlaget for desse

utfordringane heng saman med at området i utgangspunktet ikkje blei bygd ut i samsvar med rekkjefølgjekrava i reguleringsplan, ref. saka om at kommunen gav seg sjølv mellombels dispensasjon i samband med skuleutbygging.

## Vurdering

For å finne ei løysing på situasjonen har det i lengre tid vore tett dialog mellom kommunen (politisk og administrativt), utbyggjar, Statens Vegvesen og vegeigar Hordaland fylkeskommune. Det er stor forståing for utbyggjar sine utfordringar og det er semje om at kommunen må ta eit ansvar for å ordne opp i forholda – for sikre at krysset blir bygd ut i samsvar med gjeldande reguleringsplan. Ettersom dette er utbygging i tilknytning til fylkesveg, har kommunen også sendt førespunad til Statens vegvesen og Hordaland Fylkeskommune om å finansiering av utbygging og grunnerv. Tilbakemeldinga er at dei ikkje har økonomiske midlar til å gjennomføre tiltaket. Statens Vegvesen kan bidra i prosessen med grunnerv, men kommunen må ta kostnad. Kommunen er oppfordra til søkje tilskotsmidlar til trygg skuleveg og punktutbetring til prosjektet. Dette er midlar som blir lyst ut av Hordaland Fylkeskommune i 2018.

For å løyse utfordringane og sikre ei rask utbygging av krysset, er det semje mellom rådmannen og politisk leiing om å løfte saka opp til ei politisk avklaring for vidare prosess. Det blir anbefalt at Lindås kommune tar ansvar for utbygging av krysset og kostnad med prosjektet. Krysset må byggjast ut på begge sider av fylkesvegen, inkl gang/sykkelveg og kryssing av fylkesvegen. Utbygginga er delt opp i 4 delanlegg og totalkostnad er estimert til rundt kr 2,9 mill inkl mva. Kostnad med grunnerv er ikkje avklart, dette vil vere ein del av ei forhandling med grunneigarane. Det er ni grunneigarar som blir involvert i prosjektet.

Kostnad med utbygging og grunnerv kan bli dekkja av infrastrukturfondet. Dette fondet blei oppretta i 2015 for å støtte utbygging av infrastruktur i kommunen. Det er utarbeida eigne retningsliner (sjå vedlegg) og formannskapet er fondstyre. Slik rådmannen vurderer retningslinene, vil utbygginga av det aktuelle krysset støtte fleire av punkta i retningslinene.

Infrastrukturfond i økonomiplanen 2018 -2021:

DISPOSISJONSFOND - INFRASTRUKTUR	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
1.1.	4 040	4 040	4 040	4 040
Overført frå disposisjonsfond				
Bruk infrastrukturfond				
31.12	4 040	4 040	4 040	4 040

Per 01.01.18 står det i overkant kr 4 mill på infrastrukturfondet og det skal kunne dekke både utbygging og grunnerv. Prosjektet vil bli lyst ut på anbod og starta opp så snart prosessen med grunnerv er gjennomført. Rådmannen legg fram følgjande framlegg til vedtak:

- Lindås kommune vedtar å bygge ut vegkryss mellom fv 402 og Lurevegen, i samsvar med gjeldande reguleringsplan for Seim skule
- Lindås kommune finansierer planlegging, utbygging og grunnerv
- Midlane til å gjennomføre utbygging og grunnerv blir henta innafor ramma til infrastrukturfondet.

**Vedlagte saksdokument:**

Plankart reguleringsplan Seim skule	212308	28.02.2018
Retningsliner for infrastrukturfondet	212309	28.02.2018
Oversikt over delanlegg_kryss Lurevegen	212311	28.02.2018
Referat Seim 15jan18	212312	28.02.2018

**Ikkje vedlagte saksdokument:**

<b>Doknr</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>	<b>Tittel på saksdokumentet</b>
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost